



Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Avslutning av tilsyn - Lindås kommune - Knarvik barneskule og Ostereidet ungdomsskule - Forvaltningskompetanse

Fylkesmannen i Hordaland har i perioden frå 8. juni 2016 og fram til dags dato ført tilsyn med Knarvik barneskule og Ostereidet ungdomsskule i Lindås kommune. Temaet for tilsynet var forvaltningskompetanse – avgjerder om særskild tilrettelegging.

Tilsynsrapporten vart sendt ut 19. desember 2016. I rapporten vart det konstatert lovbrøt. Lindås kommune fekk frist for å retta lovbrøta og sende Fylkesmannen ei utgreiing om korleis dei var retta innan 1. mars 2017.

Fylkesmannen har fått tilbakemelding frå kommunen datert 27. februar 2017.

I tilbakemeldinga er det sendt med sju malar som kommunen har utarbeidd for å sikre at skulane har ein praksis på tilsynsområda som er i samsvar med lovkrava. Ein mal inneheld feil, og ein mal er ufullstendig. Fylkesmannen ber kommunen om å rette dette opp.

I malen *Enkeltvedtak om spesialundervisning* står det følgjande om dokument som skal følgje vedtaket: *Framlegg til individuell opplæringsplan for skuleåret....* . Denne formuleringa rår vi kommunen til å stryke. Fylkesmannen vil understreke at ein individuell opplæringsplan skal utarbeidast på grunnlag av enkeltvedtaket om spesialundervisning og vere ei operasjonisering av vedtaket. Derfor blir det misvisande å vise til framlegg til individuell opplæringsplan.

I same mal er det laga ein matrise der ei av overskriftene er *Innhald*. Her er det vist til at ein skal gjere greie for eventuelt avvik frå sakkunnig vurdering. Fylkesmannen vil understreke at avvik frå sakkunnig vurdering ikkje berre gjeld innhald, men kan også gjelde organisering, omfang og kompetanse.

Kommunen har også utarbeidd ein mal som heiter *Samtykke til vedtak om spesialundervisning*. I malen bruker kommunen formuleringa *Resultat av kartlegginga syner at ... har behov for spesialundervisning. Dette kjem fram av sakkunnig vurdering datert..* . Denne malen fangar ikkje opp heile samtykkekravet i opplæringslova § 5-4- andre ledd.

Fylkesmannen vil understreke at det også er eit rettsleg krav at foreldre eller elevar over 15 år skal gje samtykke før PPT set i gang ei sakkunnig vurdering av behovet for

spesialundervisning, jf. Opplæringslova § 5-4: *Før det blir gjort sakkunnig vurdering og før det blir gjort vedtak om å setje i gang spesialundervisning, skal det innhentast samtykke frå eleven eller frå foreldra til eleven.*

Fylkesmannen vil avslutningsvis understreke at ein mal i seg sjølv ikkje er ein garanti for at kommunen og skulane har ein praksis som er lovleg. Vi vil også understreke at Fylkesmannen ikkje er ein godkjenningssinstans for kommunen sine malar.

Fylkesmannen har vurdert tilbakemeldinga der kommunen viser til at skuleeigar har gått gjennom og forbetra malane sine og i nokre tilfelle utarbeidd nye malar. Einingsleiar får kopi av alle vedtak som vert gjort og følger opp rektorane individuelt når dei skal gjere vedtak. Skuleeigar vil også ta stikkprøver for å kontrollere vedtaka. Skuleeigar har gjennomført to kursdagar for å styrke forvaltningskompetansen hos rektorane.

Vidare vil skuleeigar følgje opp temaet på skuleleiar møte og sørgje for at rektorane nyttar seg av oppdaterte malar. I eit rektormøte i april skal ein arbeide med praktiske døme på bruk av mal for førehandsvarsel, samtykke til å setje i verk spesialundervisning/særskild språkopplæring, vedtak om spesialundervisning/særskild språkopplæring samt avvikling av denne opplæringa i ein vedtaksperiode. Skuleeigar vil følgje opp rektorane både som gruppe og individuelt til ein ser at vi har oppnådd ønska forvaltningspraksis.

På bakgrunn av denne tilbakemeldinga finn at Fylkesmannen at det er sannsynleggjort at lovbrota i tilsynsrapportane er retta. Tilsynet vert derfor avslutta.

Fylkesmannen takkar Lindås kommune for godt samarbeid.

Med helsing

Grethe Fjeld
seniorrådgjevar

Jon Fjeldstad
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.